Flytende rente	Renter med løpetid under ett år er definert som flytende rente. Renter på lån og finansielle instrumenter er inkludert i beregningen. Pt.-lån er definert som flytende rente.
Gjennomsnittlig rente	Gjennomsnittlig rente er beregnet som et veid gjennomsnitt av rentesatser på lån og finansielle instrumenter.
Kredittmargin	Med kredittmargin menes det rentepåslag långiver har på markedsrentene.
Lån som belaster kommunekassen	Med lån som belaster kommunekassen menes kommunens samlede innlån fratrukket videre utlån, ubrukte lånemidler og eksternfinansiert kapital.
Lån til investeringsformål	Lån til investeringsformål er kommunens samlede innlån fratrukket videre utlån.
Markedsrente	Generelt uttrykk for rentenivået på ulike løpetider i markedet.
Netto gjeld	Med netto gjeld menes kommunens samlede innlån fratrukket videre utlån og ubrukte lånemidler.
Netto gjeld pr. innbygger	Netto gjeld pr. innbygger er beregnet som netto gjeld dividert på antall innbyggere i kommunen.

Begrep	Definisjon
Nibor	Norwegian Interbank Offered Rate. Den renten som norske banker låner penger til seg i mellom.
Refinansiering kommende 12 mnd.	Refinansiering kommende 12 måneder er beregnet som den delen av gjelden som skal refinansieres, typisk rullerende sertifikater og obligasjoner. Avdrag på lån er ikke inkludert i beregningen.
Rentekompensasjon fra staten (grunnlag)	Kommuner og fylkeskommuner kan søke om å få kompensert renteutgifter til utvalgte formål, herunder kirkebygg og skolebygg. Rentekompensasjon utbetales etterskuddsvis og beregnes på grunnlag av rentekostnader etter et tilsvarende husbanklån med flytende rente over 20 år med 5 års avdragsfrihet. Kommunen beregner seg frem til hva grunnlaget for rentekompensasjon er, og implementerer dette i inputarket. Avdragene må kommunen dekke selv.
Samlet gjeld	Med samlet gjeld menes kommunens totale innlån, eksklusive eventuelle pensjonsforpliktelser.
Stresstest (1 %)	Rentefølsomhet er et uttrykk for hvor mye kommunens årlige rentekostnader øker med dersom renten økes med 1 %. Beregningen tar utgangspunkt i kommunens samlede lån og finansielle instrumenter på rapporteringstidspunktet.
Ubrukte lånemidler	Med ubrukte lånemidler menes midler som står på bankkonto i påvente av en investering / forbruk.
VARFS-formål (grunnlag)	Med VARFS-formål (grunnlag) menes den delen av gjeldsporteføljen relatert til vann, avløp, renovasjon, feiing og slam som er selvfinansierende ved at kapitalkostnadene dekkes av kommunale gebyrer.
Vektet løpetid	Uttrykk for vektet gjennomsnittlig løpetid (tid til forfall) på rentepapirer (kapitalstrømmer på lån og finansielle instrumenter) eller en portefølje av rentepapirer. Benevnes også som durasjon på låneporteføljen.
Vektet rentebinding	Uttrykk for vektet gjennomsnittlig løpetid (tid til forfall) på rentepapirer (rentebinding på lån og finansielle instrumenter) eller en portefølje av rentepapirer. Benevnes også som durasjon på rentebindingen.
Videre utlån - andre	Lån som kommunen har tatt opp for videre utlån til virksomheter utenfor kommunekassen.
Videre utlån - startlån	Lån som kommunen har tatt opp i Husbanken for videre utlån (startlånsordningen).

11.6 Kontaktpersoner - SpareBank 1

Navn	Ansvarsområde	Virksomhet	E-mail	Telefonnummer
Stig Ove Gravdal	fagansvar kommuner	SpareBank 1 SMN	stig.ove.gravdal@smn.no	93 44 99 44
Robert Ness	rentesikring	SpareBank 1 Markets	robert.ness@smn.no	95 80 63 38

Styret

for Kontrollutvalgssekretariatet

for Romsdal

MØTEPROTOKOLL

Møte nr: 3/17
Møtedato: 13.12.2017
Tid: Kl. 09.30 – kl. 12:50
Møtested: Møterom «Formannskapssalen», Molde rådhus
Sak nr: 16/17 – 21/17
Møteleder: Stig Holmstrøm

Av styrets medlemmer møtte:

Vestnes kommune: Stig Holmstrøm, styreleder
Rauma kommune: Lars Ramstad, nestleder
Gjemnes kommune: Øyvind Gjøn
Molde kommune: Trygve Grydeland

Førfall:

Aukra kommune: Oddvar Hoksnes
Eide kommune: Kåre Vevang
Fræna kommune: Ingvar Hals
Neset kommune: Ivar Trælvik
Sunnal kommune: Trond M. H. Riise

Møtende vara:

Aukra kommune: Ole Rakvåg
Eide kommune: Synnøve Egge
Neset kommune: Jostein Øverås
Sunnal kommune: Odd-Helge Gravem
Fræna kommune: Vara var forhindret fra å møte

Ikke møtt:

Fra sekretariatet:

Ingen
Jane Anita Aspen, daglig leder
Sveinung Talberg, rådgiver

Av øvrige møtte:

Geir Ståle Tenfjord, prosjektleder ROR-IKT under OS
(01/17)

Protokollen godkjennes formelt i neste styremøte

Styrelederen Stig Holmstrøm ønsket velkommen og ledet møtet.

Innkalling og sakliste ble godkjent.

TIL BEHANDLING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
ST 16/17	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRA STYREMØTE 4. SEPTEMBER 2017
ST 17/17	REFERAT OG ORIENTERINGER
ST 18/17	ØKONOMIRAPPORT PR. 31. OKTOBER 2017
ST 19/17	KONTOLLUTVALGSSEKRETARIATET FOR ROMSDAL FRA 1.1.2020?
ST 20/17	MØTEPLAN FOR STYRET 2018

ST 16/17

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRA MØTE 4. SEPTEMBER 2017

Styrets vedtak

Protokollen fra styremøte 4. september 2017 godkjennes.

Disse velges til å underskrive protokollen sammen med møteleder:

1. Lars Ramstad
2. Trygve Grydeland

Styrets behandling

Det foreslås at Lars Ramstad og Trygve Grydeland velges til å underskrive protokollen sammen med møteleder.

Styret fattet enstemmig vedtak i samsvar med omforent forslag fra styrets medlemmer. (8 voterende)

Daglig leders innstilling:

Protokollen fra styremøtet 4. september 2017 godkjennes.

Disse velges til å underskrive protokollen sammen med møteleder:

1.
2.

ST 17/17

REFERAT OG ORIENTERINGER

Styrets vedtak

Referat- og orienteringssakene tas til orientering.

Styrets behandling**Referatsaker:**

RS 03/17 **Svar på førespurnad om å levere tenester til SKS IKS**, brev datert 29.9.2017 fra Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal til Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS

RS 04/17 **Notat om Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal – til bruk for planlegging av oppsett av saks- og arkivsystem**, notat datert 10.11.2017 fra Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal til prosjektgruppa for nytt saks- og arkivsystem.

Orienteringssaker:

OS 01/17 **Elektronisk saks- og arkivsystem**

Prosjektleder Geir Ståle Tenfjord fra ROR-IKT holdt en grundig orientering til styret om det elektroniske saks- og arkivsystemet som kommunene som inngår i ROR-IKT har gått til innkjøp av. Avtalen åpner også for etablering av andre arkivskapere som er knyttet til disse kommunene (KF, IKS, AS og stiftelser) Det er lagt opp til at Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal inngår en avtale med Molde kommune om konfigurasjon og oppsett av separat løsning med egne dokumentmaler, samt brukerstøtte for arkiv og systemadministrasjon.

Geir Ståle Tenfjord svarte på spørsmål fra styremedlemmene undervegs i orienteringen.

Styremedlemmene får tilsendt presentasjonen fra prosjektleder, sammen med møteprotokollen.

OS 02/17 **Informasjon om resultat av lokale forhandlinger for sekretariatets ansatte**

Styret fattet enstemmig vedtak i samsvar med daglig leders innstilling (8 voterende).

ST 18/17	ØKONOMIRAPPORT PR 31. OKTOBER 2017
----------	------------------------------------

Styrets vedtak

Økonomirapport pr. 31.10.17 tas til orientering.

Styrets behandling

Daglig leder orienterte kort om situasjonen.

Styret fattet enstemmig vedtak i samsvar med daglig leders innstilling. (8 voterende).

ST 19/17	KONTROLLUTVALGSSEKRETARIATET FOR ROMSDAL FRA 1.1.2020?
----------	--

Styrets vedtak

1. Styret har drøftet ulike aktuelle problemstillinger knyttet til mulig organisering av Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal etter 01.01.2020.
2. Styret forutsetter at Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal opprettholdes minimum med dagens omfang og personalressurs.

Styrets behandling

Styret diskuterte problemstillingen og var enig om at forhold som var viktig for fremtidig sekretariatsløsning for kontrollutvalgene var:

- Faglig kompetanse
- Unngå sårbarhet
- Økonomi

Daglig leder opplyser at det er kommunestyrene, med innstilling fra kontrollutvalgene, som må ta stilling til sekretariatsløsning. Sekretariatet kan ikke saksbehandle denne saken.

Styreleder Stig Holmstrøm fremmet følgende forslag til vedtak:

1. *Styret har drøftet ulike aktuelle problemstillinger knyttet til mulig organisering av Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal etter 01.01.2020.*
2. *Styret forutsetter at Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal opprettholdes minimum med dagens omfang og personalressurs.*

Styret fattet enstemmig vedtak i samsvar med styrelederens forslag til vedtak. (8 voterende).

ST 20/17	MØTEPLAN FOR STYRET 2018
----------	--------------------------

Styrets vedtak

Det avtales følgende møteplan for styret i 2018:

- *Onsdag 25. april*
- *Onsdag 5. september*
- *Onsdag 21. november*

Styrets behandling

Styreleder forslår følgende møteplan for styret i 2018:

- *Onsdag 25. april*
- *Onsdag 5. september*
- *Onsdag 21. november*

Styret fattet enstemmig vedtak i samsvar med forslag fra styreleder (9 voterende).

Daglig ledes innstilling

Det avtales følgende møteplan for styret i 2018:.....

ST 21/17	EVENTUELT
----------	-----------

Under Eventuelt ble følgende tema tatt opp:

- **Brev til kommunene om kontrollutvalgenes rolle og status**
Styremedlemmene fikk innledningsvis utdelt et nytt utkast til brev korrigert av daglig leder etter forrige styremøte. Eneste endringen er at det er lagt inn et avsnitt om selskapskontroll.

Styret konkluderte med at sekretariatet sender brevmalen over til kontrollutvalgene, som selv tar stilling til videre fremgangsmåte.

- **Arbeid med plan for informasjonssikkerhet**

Daglig leder informerte om at det ikke har vært kapasitet til å arbeide med avklaringene i forhold til plan for informasjonssikkerhet i høst. Styret aksepterer utsettelsen.

- **Statusoppdatering fra sekretariatet**

Daglig leder informerte om status i arbeidet med oppdragsavtalene mellom kontrollutvalgene og Møre og Romsdal Revisjon IKS. Avtalen er nå sendt rådmennene for uttalelse. Styret oppfordrer sekretariatet til å gi tilbakemelding til alle kontrollutvalgene om hvilke forslag til endringer som evt. kommer inn.

- **Erfaringsutveksling**

Styremedlemmene utvekslet erfaring omkring problemstillinger og saker som er aktuelle i kontrollutvalgene.

Lars Ramstad
nestleder

Stig Holmstrøm
leder

Øyvind Gjøn
styremedlem

Trygve Grydeland
styremedlem

Ole Rakvåg
varamedlem

Synnøve Egge
varamedlem

Jostein Øverås
varamedlem

Odd-Helge Gravem
varamedlem

Jane Anita Aspen
sekretær



Kommunane i Møre og Romsdal

Gjennomførte tilsyn sommaren 2017

I sommar har Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjennomført tilsyn med tenestene til enkelte personar som har ei psykisk utviklingshemming utan at det blei varsla om tilsynet på førehand. Desse tilsyna omtalast som stadlege tilsyn. I alle tilsyna avdekte Fylkesmannen lovbrot.

Kommunane var orientert om at tilsyna skulle gjennomførast

Fylkesmannen førebudde kommunane i brev datert 20.04.2017 om at det i sommar ville bli gjennomført stadlege tilsyn utan nærare varsel. I det brevet blei det orientert om at tilsyna ville ha særleg fokus på:

- Om det er kvalifisert personell til stades ved gjennomføring av tvangstiltak.
- Om tvangstiltak blir dokumentert i journal.

Avdekte lovbrot i alle tilsyn som blei gjennomført i sommar

Det blei gjennomført 11 stadlege tilsyn i 6 kommunar, og i alle tilsyna blei det avdekt lovbrot.

I 9 av dei 11 tilsyna sørgja ikkje kommunen for at brukar sin rett til kvalifisert personell ved gjennomføring av tvangstiltak blei ivareteke.

I 10 av dei 11 tilsyna blei ikkje gjennomførte tvangstiltak dokumentert i brukar sin journal.

I tillegg har Fylkesmannen i 2017 og gjennomført 8 meldte stadlege tilsyn. I 6 av desse tilsyna blei det avdekt lovbrot.

Til saman er det gjennomført stadlege tilsyn i 12 kommunar i 2017.

Særlege krav til kvalifisert personale

Avhengig av kva type tvang og makt som blir nytta har lova krav til tilsette si utdanning. Anten må dei ha gjennomført utdanning på høgskulenivå, eller på vidaregåande skule. Utdanninga må omfatte helse-, sosial- eller pedagogiske fag. I tillegg til utdanningskravet er det og krav om at det skal vere to tilsette til stades når tvangstiltak gjennomførast. Utdanningskravet gjeld for den eine av desse to.

I særlege tilfelle kan kommunen søkje Fylkesmannen om dispensasjon frå utdanningskravet for konkrete tilsette som ikkje har slik utdanning. Om dispensasjon blir gjeve, må kommunen sørge for at den tilsette får tilstrekkeleg opplæring og rettleiing for å sikre forsvarleg gjennomføring av tvangstiltaka.

Særlege krav til journalføring

Lova stiller krav om at alle relevante og nødvendige opplysingar om brukar skal journalførast. Informasjon om gjennomføring av tvangstiltak etter helse- og omsorgstenestelova kapittel 9 vil alltid vere nødvendig og relevante opplysingar, og det er særlege krav til journalføring av tvangstiltak. Kva og kor mykje som skal dokumenterast vil avhenge av tiltaket sin karakter.

Vidare arbeid

Fylkesmannen er uroa over at det er avdekt lovbrøt i alle dei gjennomførte tilsyna, og at rettstryggleiken til brukarane dermed ikkje er godt nok ivareteke.

Fylkesmannen ber om at leiinga i dei kommunane som nyttar tvang overfor personar som har psykisk utviklingshemming gjennomgår korleis desse tenestene blir styrt.

Fylkesmannen vil fortsette å prioritere slike tilsyn framover. I tillegg vil vi i løpet av kort tid invitere overordna fagleg ansvarleg i kommunane til eit møte der desse tilsyna vil vere eit tema.

Med helsing

Lodve Solholm (e.f.)
fylkesmann

Grete Teigland

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



eINFO 18/1 – Redegjørelse for likestilling mv. i årsberetningen

Kommuner og fylkeskommuner har fortsatt plikt til å redegjøre for likestilling og diskriminering i årsberetningen. Dette ble resultatet etter at Stortinget i desember sluttet seg til et representantforslag.

Plikten til å redegjøre for likestilling og diskriminering i årsberetningen ble opprinnelig vedtatt opphevet som følge av ny likestillings- og diskrimineringslov, som trådte i kraft 1. januar 2018. Dette ble tolket å få betydning allerede fra årsberetningene for 2017, og Foreningen og god kommunal regnskapsskikk (GKRS) fulgte opp med å oppheve punkt 3.2.1 nr. 4 og 5 i KRS nr. 6 Noter og årsberetning.

På bakgrunn av et representantforslag, som ble vedtatt i Stortinget i desember, ble redegjøringsplikten likevel videreført. Det vises til omtalen i Innst 78 L (2017-2018) for nærmere informasjon om forslaget.

Offentlige virksomheter som ikke har årsberetningsplikt, skal ta redegjørelsene inn i årsbudsjettet. Dette vil i liten grad vedrøre «kommunale» virksomheter, da disse som regel har årsberetningsplikt.

Kommuneloven § 48 nr. 5 tredje og fjerde punktum lyder nå slik (endringer i kursiv):

(...)Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillings- og diskrimineringsloven, samt for å fremme formålene i likestillings- og diskrimineringsloven når det gjelder etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.

GKRS har reversert opphevelsen av de aktuelle punktene KRS nr. 6 Noter og årsberetning og justert dem i samsvar med kommuneloven.

Revisor må som tidligere påse at de pliktige redegjørelsene er gitt i årsberetningen, men vil ikke ha noe ansvar for å vurdere innholdet i redegjørelsene (utover en vurdering av konsistensen med regnskapet).

Lillehammer, 8. januar 2018

Knut Erik Lie
Seniorrådgiver


Norges Kommunerevisorforbund
– på vakt for fellesskapets verdier

Postadresse:
Postboks 1417 Vika
0115 OSLO

Besøksadresse:
Munkedamsveien 3B, 3. etg.

Telefon: 23 23 97 00
E-post: post@nkrf.no
Web: www.nkrf.no

Org.nr.: 975 450 694
Kontonr.: 1450.12.70424

	Aukra kommune	Arkivsak: 2017/1076-2
		Arkiv: 400
		Saksbeh: Ingunn Misund
		Dato: 17.01.2018

Saksframlegg

Utv.saksnr.:	Utval:	Møtedato:
5/18	Administrasjonsutvalet	29.01.2018
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Etiske retningslinjer for Aukra kommune 2018 - 2022

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek Etiske retningslinjer for Aukra kommune 2018 – 2022.

Vedlegg

- 1 Etiske retningslinjer for Aukra kommune 2018 - 2022

Særutskrift:

Bakgrunn:

Gjeldande etiske retningslinjer er frå 2010 og har lenge stått for revisjon. Frå 2010 til i dag har det skjedd ei rivande utvikling på mediefronten og måten vi kommuniserar på. Samfunnet sitt fokus innanfor etikk har og endra seg og dei nye retningslinjene må spegle dette.

Utgreiing:

Sosiale media har gjort sitt inntog og derigjennom skapt ein revolusjon i yringsmåtar og mulegheiter for deling av billete. Dei etiske grensene har blitt satt på prøve, men samstundes har ein og fått større fokus på kva enkeltpersonar kan tillate seg å seie og å gjere. Dei nye etiske retningslinjene må spegle den nye etiske ståstaden så langt råd er innan kommunen sitt ansvarsområde og som arbeidsstad. Arbeidet med dei etiske retningslinjene har pågått over tid og har vore diskutert i ulike fora. I desember 2017 vart forslaget til nye etiske retningslinjer sendt ut til heile leiargruppa, alle hovudtillitsvalde og hovudverneombod for tilbakemelding. Det kom inn 2 svar, frå hovudverneombodet og frå eining institusjon.

Hovuverneombod Mette Gjerde Helset:

Lest gjennom dei etiske retningslinjene og har ikkje noko å tilføye.

Eining istitusjon Siri Halvorsen:

Under punkt 2. Lojalitetsplikt: Arbeidsgjevar skal ivareta dei tilsette sine interesser så langt det er muleg.- dette ville jeg endret til *Så langt drifla tillet det.*

Bare en kommentar☺

Vet ikke om det er relevant...men det er mye som er mulig, men ikke alltid innenfor de rammer vi skal forholde oss til.

Administrative konsekvensar:

Etiske retningslinjer vil gi klarare grenser for alle og gjere det enklare å behandle saker innanfor dette området.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen.

Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann

Rannveig H. Sporsheim
Personalsjef




Etiske retningslinjer for Aukra kommune

2018 -2022

E-phorte: sak 2017/1076

Vedteke: PS



ETISKE RETNINGSLINJER FOR AUKRA KOMMUNE

Formål

Dei etiske retningslinjene har til formål å sikre ein god praksis og definere felles standardar for folkevalde og tilsette i Aukra kommune. Kommunen skal ta i vare fleire rollar i lokalsamfunnet; rolla som samfunnsutviklar, ombodsrolla, tenesteutøvarrolla, myndeutøvarrolla, arbeidsgjevarrolla og eigarrolla. Dei forskjellige rollene stiller store krav til rolleforståing og etisk medvit.

Dei etiske retningslinjene vil, saman med kommunen sine verdiar (attraktiv, uredd, kvalitet, raus og arbeidsglede), setje ein standard for korleis vi skal gjennomføre oppgåvene våre på ein måte som gjer at innbyggjarane kan ha tillit til oss. Innbyggjarane sin tillit er ein føresetnad for lokaldemokratiet og det er viktig i høve kommunen sitt omdømme.

Dei tilsette og folkevalde har eit sjølvstendig ansvar for at egne handlingar er i samsvar med dei etiske retningslinjene.

1. Tillit, openheit og respekt

Det skal vere openheit og innsyn, slik at ålmenta kan gjere seg kjent med Aukra kommune si verksemd. Kommunen har ein generell aktiv informasjonsplikt. All informasjon som vert gjeve i samband med kommunen si verksemd skal vere korrekt og påliteleg. Det skal bli lagt vekt på å bruke eit språk som brukarane forstår.

Både som utøvar av mynde, som tenesteytar og forvaltar av dei kommunale fellesressursane, skal tilsette og folkevalde ta omsyn til innbyggjarane sine interesser, søke likebehandling og opptre med respekt overfor det enkelte individ.

Det er nulltoleranse for mobbing, trakassering og diskriminering i Aukra kommune, jf. handlingsplan mot mobbing, trakassering, truslar og vald 2016 – 2020. Tilsette og folkevalde må legge vekt på ei åtferd som ikkje kan bli oppfatta som støytande eller trakasserande. Alle må opptre på ein måte som ikkje krenker menneskeverdet.

Fagleg kunnskap og fagleg skjønn skal ligge til grunn i rådgjeving, utøving av mynde og tenesteutøving.

Samanblanding av tilsette og tenestemottakarane sine private interesser og økonomiske midlar skal ikkje førekomme.

2. Lojalitet

Lojalitetsplikt er eit alminneleg kontraktsrettsleg prinsipp og det følgjer av arbeidsforholdet at det er ein gjensidig lojalitetsplikt mellom den tilsette og kommunen. Dei tilsette og dei folkevalde pliktar å opptre i samsvar med kommunen sine interesser og regler. Arbeidsgjevar skal ivareta dei tilsette sine interesser så langt det er muleg.



Etiske retningslinjer for Aukra kommune

2018 -2022

E-phorte: sak 2017/1076

Vedteke: PS

ETISKE RETNINGSLINJER FOR AUKRA KOMMUNE

Formål

Dei etiske retningslinjene har til formål å sikre ein god praksis og definere felles standardar for folkevalde og tilsette i Aukra kommune. Kommunen skal ta i vare fleire rollar i lokalsamfunnet; rolla som samfunnsutviklar, ombodsrolla, tenesteutøvarrolla, myndeutøvarrolla, arbeidsgjevarrolla og eigarrolla. Dei forskjellige rollene stiller store krav til rolleforståing og etisk medvit.

Dei etiske retningslinjene vil, saman med kommunen sine verdier (attraktiv, uredd, kvalitet, raus og arbeidsglede), setje ein standard for korleis vi skal gjennomføre oppgåvene våre på ein måte som gjer at innbyggjarane kan ha tillit til oss. Innbyggjarane sin tillit er ein føresetnad for lokaldemokratiet og det er viktig i høve kommunen sitt omdømme.

Dei tilsette og folkevalde har eit sjølvstendig ansvar for at egne handlingar er i samsvar med dei etiske retningslinjene.

1. Tillit, openheit og respekt

Det skal vere openheit og innsyn, slik at ålmenta kan gjere seg kjent med Aukra kommune si verksemd. Kommunen har ein generell aktiv informasjonsplikt. All informasjon som vert gjeve i samband med kommunen si verksemd skal vere korrekt og påliteleg. Det skal bli lagt vekt på å bruke eit språk som brukarane forstår.

Både som utøvar av mynde, som tenesteytar og forvaltar av dei kommunale fellesressursane, skal tilsette og folkevalde ta omsyn til innbyggjarane sine interesser, søke likebehandling og opptre med respekt overfor det enkelte individ.

Det er nulltoleranse for mobbing, trakassering og diskriminering i Aukra kommune, jf. handlingsplan mot mobbing, trakassering, truslar og vald 2016 – 2020. Tilsette og folkevalde må legge vekt på ei åtferd som ikkje kan bli oppfatta som støytande eller trakasserande. Alle må opptre på ein måte som ikkje krenker menneskeverdet.

Fagleg kunnskap og fagleg skjønn skal ligge til grunn i rådgjeving, utøving av mynde og tenesteutøving.

Samanblanding av tilsette og tenestemottakarane sine private interesser og økonomiske midlar skal ikkje førekomme.

2. Lojalitet

Lojalitetsplikt er eit alminneleg kontraktsrettsleg prinsipp og det følgjer av arbeidsforholdet at det er ein gjensidig lojalitetsplikt mellom den tilsette og kommunen. Dei tilsette og dei folkevalde pliktar å opptre i samsvar med kommunen sine interesser og regler. Arbeidsgjevar skal ivareta dei tilsette sine interesser så langt det er muleg.

Tilsette pliktar å etterkomme pålegg frå overordna. Lojalitetsplikten medføre ikkje plikt til å følgje pålegg om å gjere noko ulovleg eller uetisk. Det skal vere stort rom for diskusjon og motførestillingar før vedtak blir fatta. Når vedtaket er fatta, skal det så snart som råd setjast i verk innanfor dei gitte rammene, uavhengig av den tilsette sin personlege oppfatning.

3. Ytringsfridom, teieplikt og personvern

Tilsette har ytringsfridom og har rett til å delta i den offentlege debatten. Tilsette kan gje faktaopplysningar om eige arbeidsområde.

Tilsette og folkevalde har teieplikt etter forvaltningslova § 13 og offentleglova § 13, samt særlover for ulike fagfelt. Det er den einkilde tilsette sitt ansvar at ytringar ikkje kjem i konflikt med lojalitets- og teieplikta. Teieplikta gjeld også etter at arbeidsforholdet er avslutta. Det vert vist til kommunen sitt delegeringsreglement (12/577. Arkiv 044) og arbeidsreglement (2013/1594).

Folkevalde sin rett til innsyn er regulert gjennom reglementet «Kommunestyret og andre folkevalde organ sin rett til innsyn i saksdokument 2016-2019», jf. K-sak 69/16.

Tilsette og folkevalde bør ha eit reflektert forhold til bruk av sosiale media og andre kommunikasjonsmåtar, også som privatperson. Det må ikkje sjå ut som at Aukra kommune er avsendar for private ytringar. Kommentrarar som kan verke krenkande eller oppfattast som trakassering, er eit brot på arbeidsmiljøloven. Aukra kommune har eige retningslinjer for bruk av sosiale media (Retningsline for bruk av sosiale media i Aukra kommune).

Tilsette har også plikt til å setje seg inn i regelverk kring personvern etter mellom anna personvernloven og sikre at sensitiv informasjon ikkje vert publisert eller gjort tilgjengeleg for uvedkommande. Vi viser til prosedyre om dagleg informasjonssikkerheit, som beskriv korleis tilsette skal sikre arbeidsstaden slik at sensitiv informasjon ikkje skal kome uvedkommande i hende. Prosedyrane for personvern og dagleg informasjonssikkerheit er lagra i Compilo.

4. Habilitet

Tilsette og folkevalde skal opptre upartisk og unngå å komme i situasjonar som kan føre med seg interessekonflikt mellom kommunen sine interesser og personlege interesser. Tilsette og folkevalde må ikkje ta del i saker der ein sjølv eller nærstående har personlege eller økonomiske interesser. Dersom personlege interesser kan vere eigna til å påverke avgjerder eller tilrettelegging av avgjerder i ei sak, skal dette bli tatt opp med overordna. Tilsette og folkevalde har eit sjølvstendig ansvar for å varsle om inhabilitet slik at ein kan bli fritatt for vidare behandling av saka. Ved tvil om inhabilitet, skal saka bli lagt fram for næraste leiar.

5. Gåver og andre fordelar

Tilsette og folkevalde i kommunen må ikkje ta imot gåver eller antre ytingar som er av ein slik art at det kan påverke, eller vere eigna til å påverke handlingar, saksførebuing, kontraktsinngåing eller vedtak. Dette omfattar og gunstige vilkår knytt til reiser og opphald.

Dette gjeld likevel ikkje gåver av ubetydeleg verdi, som reklamemateriell, blomar, konfekt eller liknande. Gåver omfattar ikkje berre materielle gjenstandar, men også andre fordelar som provisjonar, rabattar, tenester eller andre ytingar.

Moderate former for gjestfridom og representasjon høyrer med i samarbeidsrelasjonar og informasjonsutveksling. Graden av slik merksemd må ikkje utvikle seg slik at den påverkar vedtaksprosessen, eller kan gi andre grunn til å tru det.

Reiseutgifter i faglege samanhengar i tenesteregi skal dekkast av kommunen.

Eventuelle unntak frå dette skal skje i samråd med ordførar/rådmann.

Ved tilbod om gåver og liknande som har eit omfang som går ut over kommunen sine retningslinjer, takkar ein høfleg nei. Tilsendte gåver vert returnert.

6. Avstå frå kjøp av seksuelle tenester, rusmidlar og gambling

Kjøp og sal av seksuelle tenester eller avtalar om slikt kjøp/sal er ikkje tillate for tilsette og folkevalde.

Tilsette og folkevalde skal ikkje nytte nokon form for narkotiske stoff i arbeidstida eller på tenestereiser.

Tilsette og folkevalde skal ikkje drive med nokon form pengespel eller nettspel i arbeidstida eller på tenestereiser, jf. retningslinjer for AKAN 2015-2019.

7. Ekstraverv og binæring

Tilsette og folkevalde skal ikkje ha tilsettforhold i andre stillingar, styreverv eller liknande som kan skape interessekonflikt med arbeidet i Aukra kommune, jf. forvaltningslova §6. Den einskilde har eit sjølvstendig ansvar for å opplyse om ein er ugild og stille sin plass til disposisjon når saka krev det.

Tilsette og folkevalde vert oppmoda om å registrere sine verv og interesser i KS styrevervregister (<http://www.styrevervsregistret.no/>).

8. Forretningsetiske reglar

Kommunen si forretningsmessige verksemd må drivast slik at innbyggerane, brukarane og leverandørane har tillit til kommunen som forvaltar av innbyggerane sine felles midlar og som forretningspart. Forretningsverksemda skal bidra til å nå dei mål kommunen har for si verksemd.

Tilsette som deltek i kommunen sin forretningsmessige verksemd pliktar å sette seg inn i og etterleve lov og forskrift om offentlege anskaffingar og kommunen sitt eige regelverk på området. Alle anskaffingar må vere basert på føreseielege vilkår, gjennomsiktigheit, at dei kan etterprøvast, likebehandling og god forretningsskikk.

Tilsette kan ikkje levere varer og tenester til kommunen. Tilsette skal ikkje gjere privat bruk av kommunen sine innkjøpsavtalar, rammeavtaler eller rabattordningar. Tilsette skal ikkje

nytte stillinga si i kommunen til å oppnå fordelar gjennom innkjøpsavtalar, rammeavtaler eller anna samarbeid som skjer i arbeidsforholdet.

9. Kommunen sine eigendelar

Kommunen sine eigendelar skal berre nyttast til tenesterelatert verksemd. Unntaksvis kan likevel eigendelar bli lånt ut til anna bruk der dette blir vurdert som forsvarleg og i tråd med retningslinjer som verksemda har utarbeidd. Desse retningslinjene skal vere godkjent av rådmannen.

Tilsette og folkevalde forvaltar kommunen sine aktiva i samsvar med gjeldande retningslinjer. Kommunen sine aktiva er budsjettmidlar, bygningar, bilar, maskiner, elektronisk utstyr og liknande. Retningslinje for bruk av kommunens eigendelar skal godkjennast av rådmannen.

Kommunen sin profil skal aldri nyttast i privat korrespondanse.

10. Nære relasjonar

Aukra kommune stiller høge krav til rettferdig og upartisk behandling, og ønsker ikkje å sette tilsette og kollegaer i vanskelege situasjonar som følgje av at relasjonar blir for nære.

Tilsette i Aukra skal ikkje ha stillingar der ein person i nær relasjon har mulegheit for, eller til oppgåve å bedømme, godkjenne, revidere, kontrollere eller på annan måte påverke arbeidet til denne medarbeidaren.

Der kor det allereie eksisterer eller oppstår nære personlege relasjonar mellom tilsette, er det arbeidsgjevar sitt ansvar å sikre ei ordning som gjer at forholdet ikkje får konsekvensar for verksemda.

11. Rett til å varsle

Tilsette har rett og plikt til å seie i frå om kritikkverdige tilhøve på arbeidsplassen. Det skal ikkje få negative konsekvensar for tilsette som varslar og varslaren skal vere beskytta mot gjengjelding. Det vert vist til «Rettleiing for varsling av kritikkverdige tilhøve». Varsel om kritikkverdige tilhøve kan registrerast i Compilo sin varslingsmodul eller på ein annan måte som varslaren føler seg komfortabel med.

12. Tillitsvalde og verneomboda si rolle

Tillitsvalde og verneomboda har ansvar for og plikt til å fremme eventuelle klagemål på vegne av enkeltmedlemmar og organisasjonen på en hensiktsmessig måte.

Det er forventa at tillitsvalde/verneombod har eit gjennomtenkt forhold til saker som vert ytra gjennom media. Det er og forventa at tillitsvalde og verneombod søker å ordne usemje og kritikkverdige forhold med arbeidsgjevar.

13. Dei tilsette sitt ansvar

Tilsette pliktar å gjere seg kjent med dei lovføresegner som gjeld for stillinga og verksemda. Tilsette har eit personleg ansvar for å følge dei etiske retningslinjene på best måte. Om det er tvil i ei sak, må denne drøftast i forkant med næraste leiar.

14. Leiar sitt ansvar

Leiarar har eit spesielt ansvar som kulturberarar og rollemodellar. Leiarar på alle nivå skal systematisk arbeide for at dei etiske retningslinjene til ein kvar tid er godt kjent av dei tilsette. Leiarar har og eit ansvar for å samarbeide på tvers av einingane. I tillegg skal leiarar sjå til at retningslinjene vert følgd, og ved brot, reagere på desse. Leiar skal syte for at alle tilsette underteiknar på at dei har lese og forstått kommunen sine etiske reglar.

15. Konsekvensar av brot på etiske retningslinjer

Brot på etiske retningslinjer kan føre til tenestlege reaksjonar. Handlingar kan vere av ein slik art at dei fører med seg tiltak etter Arbeidsmiljølova , Arbeidsreglementet eller andre kommunale reglement/retningslinjer. I tillegg kan det føre til påtale og straffereaksjonar etter straffelova.

16. Kontaktpersonar

Rådmannen er kontaktperson for tilsette i spørsmål som gjeld desse retningslinjene, ordførar er kontaktperson for folkevalde.

Aspen, Jane Anita

Fra: Otterlei, Anita Raknes
Sendt: 8. februar 2018 09:54
Til: Borthne, Roald Lars; Falkhytten, Heidi; Garseth, Sissel Oliv; Göncz, Geir Janos; Halvorsen, Siri; Hovdenak, Jan Erik; Hurlen, Jorunn; Korsvik, Hanna Valved; Lillebostad, Aud Lisbeth; Mauseth, Kjerstin Jorill; Rimstad, Ingrid Husøy; Rishaug, Synnøve Karin; Sandøy, Anne Jorunn; Sporsheim, Rannveig Høggaug; Søreide, Aaslaug; Varhaugvik, Erna Lovise; Riksfjord, Bernhard; Mork, Audhild; Rindarøy Katrine; Blomvik Rolf; Solem Kevin; Øverbø, Anne Elin; Bytingsvik Berit; Bytingsvik, Berit Cesilie Huse; Randi Kristin Birkeland Myklebust; Klev Frode; Ida Regine Birkeland Myklebust; Ræstad Terje; Engdal, Elin Synnøve; kurtsv@online.no; Andersen Wilhelm; Ingrid Marie Hoksnes; Rekkavik Anita Høøy; hashim_abdi@hotmail.no; Kjøll jr. Helge; Helge Junior Kjøll; Hjelmås Arne; Hoksnes, Oddvar; Kjøll Marie Hoksnes; Aud P. Mork; Jan Magne Breivik; Haugland Roger Andre; Julnes Ann Ingerborg; Thorsen Marit Kathrine; Løklingsholm Heidi; runestigskeide@gmail.com; Skeide Rune Stig; Rønstad Alf; Svenheim Jørgen; Marius Lyng Dale; Sætervik Kåre Martin; Aleksandersen Frode; Nilssen Odd Jørgen; Nergaard Ingebjørg; ingebjorg.nergaard@mrfylke.no; Rakvåg Ole; Fanghol Baard-Andre; Sandøy Amalie; Ræstad Atle; atlerae@online.no; Hukkelberg Rune; Bjerkan Frode; Avset Bjørnar; Huse Kathrine; Rindarøy Siw; Vassdal, Kåre Øyvind; Sveinung Bakkemyr; Huse Pål Terje; Reiten Kristofer; Ruud, Kari Anne; Gaupset Ingeborg; Larsen, Geir; Rognskog Rita; Rita Rognskog; Olav Oterhals; Sporsheim Oddbjørg; Sporsheim, Oddbjørg; Huse Hallvard; beate128@hotmail.com; Bernhard Fanghol; Hilde Tangen; Solem Grant Johansen; Sporsheim Håkon Inge; Hanna Valved Korsvik; kjefar@gmail.com; Huse Bjørn Oddvar; Rindarøy, Per Arne; Torill Merete Skuseth; Aukra - Biblioteket Offentlig; Notøy, Svein Rune; Bolghaug, Marianne; Ræstad, Lene Marita Husøy; Böttcher, Martina Susanne; Aspen, Jane Anita; Ole August Iversen; pal.terje.huse@gmail.com; Torill Merete Skuseth

Emne: Aukra kommune - Rekneskap for 2017

«Økonomisjefen i Aukra melder om at kommunen sitt rekneskap viser eit netto driftsresultat på kr. 120 mill. som er kr. 1,3 mill. lågare enn budsjettet og ein reduksjon på kr. 21,9 mill. frå 2016.

Einingane har eit samla meirforbruk i forhold til budsjett på kr. 1,2 mill.

Rekneskapen er enno ikkje ferdig og det kan derfor kome endringar.

Dette til forebels orientering.

*Med vennleg helsing
Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann»*



Aukra kommune

Kontrollutvalgsssekretariatet i Sjøromsdal	
Kommunerefer.: 1547	
Dato: 15 FEB 2018	
Saks og Arkivnr.: 1547	Løpnr.: 060/18
Arkivkode: 216	Graderting

Notat

Vår ref.:
2015/1070-32/060

Dykkar ref.:

Saksbehandlar:
Aaslaug Søreide
71171515

Dato:
02.02.2018

Til:

Ingrid Husøy Rimstad

Oppfølging av arbeidet med informasjonssikkerheit i Aukra kommune

Viser til brev frå kontrollutvalet datert 10. januar med vedlagte oppfølgingsliste. Kontrollutvalet ønskjer tilbakemelding på følgjande:

Kontrollutvalet ønskjer hausten 2017 å følgje opp attståande arbeid med å implementere rutinar, inngåing av databrukaravtalar og avvikshandtering.

Sidan førre møte har Aukra kommune gjort følgjande innan området informasjonssikkerheit:

Implementere rutinar:

- Oppdatering av prosedyrar kring informasjonssikkerheit vert gjort fortløpande frå sentralt hald.
- Prosedyrane er tilgjengeleg for alle tilsette i kvalitetssystemet Compilo.
- Gjennomført opplæring av alle tilsette gjennom Junglemap. Dette gjorde vi i oktober under «Nasjonal sikkerhetsmåned» i regi av NorSIS. Alle tilsette fekk 8 leksjonar om ulike tema. Vi fekk ikkje rapport over kor mange som gjennomførte opplæringa. Einingsleiarane vart oppmoda i leiarmøte å informere tilsette om kurset og tilsette fekk også varsel om kurset via e-post.
- Alle einingar (minus ei eining) har gjennomført ei risikoanalyse for dagleg informasjonssikkerheit hausten 2017. Det er eit krav om at kommunen skal ha gjennomføre jamlege risikoanalysar på dette området. I analysen deltok anten eg eller ein rådgjevar frå mi avdeling i tillegg til einingsleiar og representantar frå einingane. Alle einingane fekk dei same utfordringane dei skulle analysere. Dette for å ha eit samanlikningsgrunnlag mellom einingane og vurdere kva punkt ein må ha fokus på vidare.
- Det har vore gjennomført ein internkontroll av alle einingane i desember 2017. Ikkje alle har gjennomført internkontrollen innan fristen som vart gjeven. Vi har ikkje gått gjennom resultatet frå rapporteringa då vi ventar på svar frå fleire.

Oppsummering implementering av rutinar:

Når det gjeld implementering av rutinar har det skjedd gjennom

- Junglemap (Nasjonal sikkerhetsmåned),
- gjennomføring av risikoanalyse,
- internkontroll og å
- informere i leiarmøta at vi har rutinar for dette området i Compilo.

Det er ikkje gjennomført ei eiga opplæring av leiarane i sjølve prosedyrane, men det har vore eit fokusområde i fleire leiarmøte i 2017. Ansvar for opplæring i og fokus på informasjonssikkerheit og prosedyrane ligg til dagleg behandlingsansvarleg, som er einingsleiar, men vi skal ha fokus på implementering av prosedyrar framover også. Spesielt med tanke på GDPR (den nye personvernforordninga) som er rett rundt hjørnet.

Den interkommunale faggruppa for informasjonssikkerheit har starta arbeidet med GDPR. Vi skal sjå på kva GDPR får å seie for kommunen og gjere dei endringane som må til. Det er allereie satt i gang fleire oppgåver rundt dette på faggruppenivå. Fokus på GDPR vert eit interkommunalt samarbeid, men Aukra kommune skal også ha fokus dette.

Avvikshandtering

- Når det gjeld avvik, var dette eit tema både i internkontrollen og i risikoanalysen. Resultatet viste seg at det er veldig få tilsette melder avvik knytt til informasjonssikkerheit. I risikoanalysen gjekk vi gjennom viktigheita med å melde avvik. Om det vert meldt fleire avvik på dette området vil vi sjå etter kvart. Vi har prosedyre for melding av avvik knytt til informasjonssikkerheit. Prosedyre for melding av avvik ligg i Compilo saman med alle andre prosedyrar knytt til informasjonssikkerheit.

Inngåing av databrukaravtale

- Ny databrukaravtale for tilsette i kommunane Aukra, Midsund, Molde, Rauma og Vestnes er utarbeidd og vedteke av styret i ROR IKT den 6. desember 2017. Avtalen er sendt ut til einingsleiarane der tilsette har fått frist til 2. mars med å signere. Databrukaravtalen skal journalførast i sakssystemet i den tilsette sin personalmappe.

Aaslaug Søreide
Servicesjef



Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 03/18	Kontrollutvalet	15.2.2018

INTERIMRAPPORT REKNESKAPSREVISJON - REVISJONSÅRET 2017

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet tar revisjonen sin rapport frå interimsrevisjonen til orientering.

Bakgrunn for saka

Kommuneloven § 77 nr. 4 og Forskrift for kontrollutvalg §§ 6 og 9 omhandlar kontrollutvalet sitt tilsynsansvar overfor revisjonen.

Etter kommunelova § 77 nr. 4, skal kontrollutvalet sjå til at kommunen sitt årsregnskap blir revidert på ein trygg måte, under dette halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet. Dette skjer bl.a. ved at revisor rapporterer om sitt arbeid til kontrollutvalet.

Utvalet har ein viktig jobb i å påsjå at dette arbeidet føregår i samsvar med gjeldande lovreglar og avtalar. Rapporteringa frå revisor er viktig for at kontrollutvalet skal kunne halde seg orientert om framdrifta i revisjonsarbeidet og for å vurdere om ein skal sette i gang andre kontroll- og tilsynsaktivitetar.

VURDERING

I oppdragsavtalen med Møre og Romsdal Revisjon IKS, som kontrollutvalet godkjente i førre møte, er det lagt opp til at rapportering til kontrollutvalet frå interimsrevisjonen skal skje i november-desember. Grunnlaget for denne rapporteringa er kommunikasjons-/revisjonsplan 2017, som vart handsama i kontrollutvalet sitt møte 27. september 2017, sak 25/17. Sidan Møre og Romsdal Revisjon IKS starta opp først 1.2.2017, så har dei trengt noko tid på å få på plass system og rutinar.

Ved rapportering frå revisjonen til kontrollutvalet på same tid i 2017, gav kontrollutvalet uttrykk for at dei forventa ei meir detaljert rapportering. Det vart då uttrykt eit ynskje om at revisjonen også rapporterer i forhold til dei utpeika revisjons- og risikoområda i revisjonsplanen. Det betyr status for avdekte feil og svakheiter, om området er tilfredsstillande, samt kor langt revisjonen er komen i arbeidet knytt til dei enkelte revisjonsområda i planen. Det var også venta ein statusrapport på dei prioriteringar som er gjort innafor rekneskapsrevisjon og ei vurdering av internkontroll og det som der er avdekt.

Sekretariatet har ikkje mottatt rapport frå revisjonen på førehand. Vi har difor ikkje hatt høve til å vurdere om det blir rapportert i forhold til dei revisjons- og risikoområda som er utpeika i revisjonsplanen.

Oppdragsansvarlig revisor, Ronny Rishaug, vil i kontrollutvalet sitt møte presentere interimrapport fra rekneskapsrevisjonen 2017. Det er då forventa at det blir utdjupa kva som er utført av arbeid, revisjonshandling og funn.

Dersom det blir rapportert i forhold til revisjonsplanen og det ikkje kjem fram spesielle forhold i presentasjonen, vil sekretariatet rå til at interimrapporten blir tatt til orientering.

Jane Anita Aspen
daglig leder



Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 04/18	Kontrollutvalet	15.2.2018
	Kommunestyret	

KONTROLLUTVALET. ÅRSMELDING FOR 2017

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet vedtar årsmeldinga for 2017. Saka vert lagt fram for kommunestyret med følgjande innstilling:

Kontrollutvalet si årsmelding for 2017 vert teke til vitande.

Bakgrunn for saka

Etter lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) § 76 er det kommunestyret som har det øvste kontroll- og tilsynsansvaret med den kommunale forvaltninga.

Kontrollutvalet er kommunestyret sitt kontroll- og tilsynsorgan og skal utfører det løpande tilsynet med kommunen og kommunen si verksemd på vegne av kommunestyret, jf. Kommunelova § 77 nr 1.

Utvalet rapporterer sine saker til kommunestyret etter kvart gjennom året. For å oppsummere føregåande års aktivitet og for å gje kommunestyret eit innblikk i verksemda, utarbeider kontrollutvalet ei årsmelding som vert lagt fram for kommunestyret.

Det følgjer av koml. § 77 nr 6 første punktum:

”Kontrollutvalet skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget.”

Vedlagt følgjer:

- Årsmelding for 2017 for kontrollutvalet i Aukra
- Oversikt over handsama saker i 2017

VURDERING

Kommunelova sine reglar om tilsyn og kontroll gir kommunestyret og kontrollutvalet betydeleg ansvar og det er difor viktig med dialog mellom kontrollutvalet og kommunestyret.

I tillegg til kontrollutvalet sine fråsegner til kommunen sitt årsrekneskap og sluttrekneskap for byggje- og investeringsprosjekt, samt oversending av avslutta forvaltningsrevisjonsprosjekt gjennom eigne forvaltningsrevisjonsrapportar, finn ein det føremålstenleg å gje ei oppsummering av kontrollutvalet si verksemd i løpet av året gjennom ei eiga årsmelding.

Årsmeldinga kan bidra til å synleggjere kontrollutvalet si rolle og auke kunnskapen i kommunestyret om kontrollutvalet sitt arbeid. Kommunestyret vert invitert til å kome med innspel og tankar knytt til kontrollutvalet si verksemd.

Kontrollutvalet sitt sekretariat viser til vedlagte årsmelding for kontrollutvalet for 2017.

Jane Anita Aspen
daglig leder



KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

ÅRSMELDING FOR 2017

1. INNLEIING

Etter lov av 25. september 1992 nr 107 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) § 77 er Aukra kommune pålagt å ha eit kontrollutval. Utvalet er kommunestyret sitt kontrollorgan og skal på vegne av kommunestyret, førestå det løpande tilsynet med kommunen si forvaltning.

Utvalet si uavhengige stilling i forhold til andre folkevalde organ og administrasjonen, er ivaretatt gjennom strenge krav til kven som kan veljast til utvalet.

2. UTVALET SI SAMANSETJING

Kontrollutvalet i Aukra kommune har i 2017 hatt følgjande samansetjing:

Funksjon	Namn	Parti	Varamedlemmer	Nr	Namn	Parti
Leder	Oddvar Hoksnes*	Krf		1	Jørgen Svenheim	Sp
Nestleder	Ole Rakvåg*	H		2	Oddmund A. Varhaugvik	Krf
Medlem	Wilhelm Andersen	Ap		3	Øyvind Solem	Ap
Medlem	Oddbjørg Sporsheim	V				
Medlem	Håkon Inge Sporsheim	Frp				

* medlem av kommunestyret.

3. SEKRETARIAT

”Kommunestyret og fylkestinget skal sørge for sekretærbistand til kontrollutvalget.”, jf. Kommunelova § 77. nr 10

Kommunane Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Molde, Nettet, Rauma, Sunndal og Vestnes har frå 2004 hatt samarbeidsavtale om interkommunal sekretærfunksjon for kontrollutvala. Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal vart i 2013 oppretta som eit interkommunalt samarbeid (IS) etter kommunelova § 27 med status som eige rettssubjekt og med eige styre. Styret er samarbeidet sitt øvste organ og har arbeidsgjevaransvaret for sekretariatet sine tilsette. I styremøte 14. desember 2015 vart Stig Holmstrøm, Vestnes kommune, valt til styreleiar. I styremøte 30.11.2016 vart Lars Ramstad valt til ny nestleiar, etter at Marit Seljeseth Stokke hadde fått fritak frå sine politiske verv.

I 2017 er sekretærfunksjonen for kontrollutvalet i Aukra ivaretatt av daglig leder i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal, Jane Anita Aspen.

Sekretariatet skal sjå til at dei saker som kontrollutvalet handsamar er forsvarlig utgreidd og at utvalet sine vedtak blir sett i verk, jf. § 20 2. ledd, forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner.

4. OPPGÅVER OG VERKSEMD I 2017

4.0 Saksbehandling og møteavvikling

Kontrollutvalet har hatt 5 møter og handsama i alt 38 protokollerte saker. Av disse er 4 saker sendt til kommunestyret for endeleg handsaming. I tillegg er det i 2017 lagt fram 23 referatsaker og 22 orienteringssaker.

Kontrollutvalet sine møteprotokollar vert lagt fram for kommunestyret som referatsak.

Kontrollutvalet sine møter vert halde for åpne dører og møta blir hovudsakleg halde på kommunehuset.

Kontrollutvalet har på førespurnad fått orienteringar frå administrasjonen og revisjonen i saker som har vore til handsaming i møta.

Reglement for kontrollutvalet

Reglement for kontrollutvalet i Aukra vart vedteke av kommunestyret i møte 22.09.2011, k-sak 72/11. I kommunestyret sitt møte 17.9.2015 sak 75/15, vart reglementet revidert.

Plan for Kontrollutvalet si verksemd 2017-2019

Kontrollutvalet ser det som tenleg at det for kvar valperiode vert laga ein plan for kontrollutvalet si verksemd. Det er naturleg at denne vert laga av det nye kontrollutvalet det første år etter nytt val. Det er naturleg at planen vert sendt til kommunestyret for godkjenning. På denne måten kan kommunestyret også involverast i å sette rammer for kontrollutvalet si verksemd i gjeldande valperiode. Sidan vi no er langt ut i valperioden så valde kontrollutvalet i møte 27.9.2017, sak 29/17, å godkjenne plan for kontrollutvalet si verksemd 2017/2019, utan å sende den til godkjenning til kommunestyret.

Plan for kontrollutvalet si verksemd 2017-2019 er ein overordna plan som må konkretiserast i ein årleg tiltaksplan. Kontrollutvalet har laga ein tiltaksplan som er bygd opp etter same mal som Plan for kontrollutvalet si verksemd 2017-2019. Tiltaksplanen vil fortløpande bli oppdatert.

Representasjon

Utvalet sin leiar Oddvar Hoksnes har delteke på eit styremøter og nestleiar Ola Rakvåg deltatt på to av dei tre styremøta som har vore avvikla i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal i 2017.

Ole Rakvåg og Jørgen Svenheim deltok på NKRFs¹ **Kontrollutvalgskonferanse 2017** på Gardermoen 1. og 2. februar 2017.

Oddvar Hoksnes og Wilhelm Andersen som deltok på **FKT² sitt Årsmøte og Fagkonferanse 2017** i Tromsø 7.- 8. juni 2017.

Utvalet deltok også på **Opplæringsamling** for kontrollutvala som Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal betener. Samlinga vart haldet på Træffhuset 24.8.2017. Hovudtemaet var «Hvordan forstå kommunalt regnskap?» Deltakarar frå Aukra kommune var: Ole Rakvåg og Håkon Inge Sporsheim. Samt at Ole Rakvåg og Wilhelm Andersen deltok på **kurs** i «Hvordan lese og forstå kommunalt regnskap» som kontrollutvalet i fylkeskommunen arrangerte 2. mars 2017.

¹ Norges Kommunerevisorforbund

² Forum for Kontroll og Tilsyn

4.1 Tilsyn med revisjonen

I følge § 4 i forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner, skal kontrollutvalet sjå til at kommunen eller fylkeskommune har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kommunestyret i Aukra valde i møte 07.05.2015, sak 49/15, å inngå som deltakar i Møre og Romsdal Revisjon IKS og valde selskapet som revisor for kommunen. I vedtaket fekk kontrollutvalet mandat til å inngå og godkjenne engasjementsavtale med Møre og Romsdal Revisjon IKS.

Av ulike årsaker kom Møre og Romsdal Revisjon IKS (MRR) ikkje i drift før frå 1.februar 2017. Skifte av dagleg leiar i MRR, har også medført at arbeidet med oppdragsavtalen har tatt noko tid. Våren 2017 vart det halde felles arbeidsmøter mellom sekretariata på Nordmøre, Romsdal og fylkeskommunen og konstituert dagleg leiar i MRR.

Dagleg leiar Veslemøy Ellinggard starta opp i Møre og Romsdal Revisjon IKS 1.5.2017. Det er Ronny Rishaug som er oppdragsansvarlege rekneskapsrevisor for Aukra kommune.

Kontrollutvalet i Aukra godkjente oppdragsavtalen med MRR i møte 20.11.2017, sak 34/17. I avtalen vert det føreset bl.a. at revisjonen skal legge til rette for at kontrollutvalet kan oppfylle sitt ansvar for tilsyn med revisjonen. I dette ligg det at revisjonen skal rapportere til kontrollutvalet frå sitt arbeid og ha eit kvalitetssystem i samsvar med lov og revisjonsstandardar.

Utvalet har i 2017 fått framlagt følgjande:

- **Revisjonen sin rapport til kontrollutvalet for 2. halvår 2016**
- **Kommunikasjons-/revisjonsplan 2017**
- **Revisor sin vurdering av uavhengighet**
- **Informasjon om NKRF sin forbundsbaserte kvalitetskontroll med Kommunerevisjonsdistrikt 2 i 2016**

Dokumenta er supplert med munnleg orientering frå revisor. Vidare er revisjonsmelding lagt fram for utvalet.

4.2 Fråsegn til rekneskapen

Kontrollutvalet sine oppgåver ved rekneskapsrevisjon følgjer av forskrift om kontrollutvalg kap. 4, §§ 6-8.

Utvalet har handsama og vurdert årsrekneskapen for 2016 for **Aukra kommune**, og gitt si fråsegn til denne.

I tillegg har utvalet fått seg førelagt kommunen sine tertialvise økonomirapportar.

Kontrollutvalet har fått seg førelagt som orienteringssak den årlege skatterekneskapen frå skatteoppkrevjar saman med Skattefuten sin kontrollrapport med skatteoppkrevjarfunksjonen.

Kvaliteten og presentasjonsforma av rekneskapen har vore tilfredsstillande. Det same kan seiast om rådmannen si årsmelding og skatteoppkrevjaren sin årsrapport.

Kontrollutvalet har i 2017 handsama og gjeve si fråsegn til følgjande sluttrekneskap:

- **Vatn – utskifting av asbestsementrør Sanden-Hukelberg**

4.3 Forvaltningsrevisjonsrapportar

Kontrollutvalet sine oppgåver ved forvaltningsrevisjon følgjer av forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner §§ 10-12.

Det er utarbeidd **Overordna analyse -Plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2019** som vart handsama av kontrollutvalet i møte 15.9.2016, sak 22/16 og endeleg vedteke av kommunestyret i møte 11.10.2016 i K sak 77/16.

Kontrollutvalet har i 2017 ikkje fått seg førelagt noko ny forvaltningsrevisjonsrapport, men har handsama oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport **Informasjonssikkerhet i Aukra kommune**. Det var 10 tilrådingar i rapporten som kommunestyret hadde gjort vedtak om at rådmannen skulle følgje opp. Revisjonen skriv til kontrollutvalet at dei registrere at hovudtyngda i arbeidet med å følgje opp forvaltningsrevisjonsprosjektet er gjennomført. Revisjonen har forståing for at arbeidet må gjennomførast over tid. Kontrollutvalet gjorde i møte 8.2.2017 vedtak om at dei hausten 2017 hadde ønskje om å følgje opp attståande arbeid med å implementere rutinar, inngåing av databrukaravtalar og avvikshandtering. Dette vart grunna stor arbeidsmengde for kontrollutvalet hausten 2017, utsett til første møte 2018.

På bakgrunn av Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019, bestilte kontrollutvalet i sitt møte 14.6.2017, sak 20/17, følgjande forvaltningsrevisjonsprosjekt:

- **Offentlege anskaffingar i Aukra kommune**

Prosjektplan vart handsama i møte 27.9.2017 sak 26/17. Kontrollutvalet er venta å få forvaltningsrevisjonsrapporten, utarbeidd av Møre og Romsdal Revisjon IKS, til handsaming i første utvalsmøte i 2018.

4.4 Selskapskontroll

Kontrollutvalet sine oppgåver ved selskapskontroll følgjer av forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner kap. 6, §§14-15.

Det er utarbeidd **Overordna analyse - Plan for selskapskontroll 2016 – 2019** som vart handsama av kontrollutvalet i møte 15.09.2016, sak 23/16 og endeleg vedteke av Aukra kommunestyre 11.10.2016 i K sak 76/16.

Gjennomføring av eigarskapskontroll føreset at kommunen har utarbeida eigarskapsmelding (retningslinjer for forvaltning av kommunens interesser i selskap samt eigarstrategiar for kvart enkelt selskap). Eigarskapsmelding for Aukra kommunevart vedteke av kommunestyret i møte 31.03.2011 i K-sak 21/11 og revidert i K-sak 80/16.

Kontrollutvalet har ikkje vorte varsla om at det er halde representantskapsmøter i interkommunale selskap (IKS) eller generalforsamlingar i kommunalt heileigde aksjeselskap (AS) i 2017.

Etter kommunelova § 80 skal kontrollutvalet og kommunen sin revisor varslast og har rett til å være tilstades på selskapa si generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarande organ.

Kontrollutvalet har i 2017 ikkje gjennomført nokon selskapskontroll, men i utvalet sitt møte 8.2.2017 informerte Kommunalsjef Geir Göncz utvalet om arbeidet med Eigarskapsmelding for Aukra kommune som vart revidert hausten 2016.

4.5 Særskilte oppgåver for kontrollutvalet

Kontrollutvalet sine særskilte oppgåver følgjer av forskriftens kap. 7, §§16-17.

Val av revisjonsordning

Etter kontrollutvalet si tilråding vedtok kommunestyret i Aukra i møte 07.05.2015, i sak 49/15 og 50/15, å inngå som deltakar i Møre og Romsdal Revisjon IKS og at selskapet blir

valt som revisor for kommunen frå 1.7.2015. På grunn av forseinkingar var ikkje selskapet i drift før 1.2.2017.

Budsjettbehandling

Kontrollutvalet utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen.

4.6 Oppfølging av politiske vedtak

Kontrollutvalet fekk i møte i juni framlagt oversikt over politiske vedtak i Kommunestyret, Drift og arealutvalet og Livsløpsutvalet som ikkje er sett i verk per 31.5.2017.

Utvalet mottok ei oppdatert liste pr. 22.9.2017, som viser at det er 3 vedtak frå 2016 og tidlegare som framleis er under oppfølging:

- 2014/1409 Detaljplan for ny veg mellom Gossen og Oterøya (Drift og arealutv)
- 2014/1211 Privat reguleringsplan for Gossen Feriesenter (Drift og arealutvalet)
- 2013/1367 Skogrydding (Kommunestyret)

Hensikta med å få ei slik oppstilling er å kontrollere at administrasjonen set i verk og gjennomfører dei vedtak som er gjort av ulike politiske organ. Oversikta skal gjere greie for vedtak fatta av politiske utval med avgjerdsmynde.

Listene som administrasjonen hadde laga til utvalet, var meir opplysende i år enn i fjor. Utvalet har merka seg at rådmannen ikkje har følgd oppmodinga frå kontrollutvalet frå 2016, og som er blitt gjenteke i 2017, om å legge vedtaksoppfølginga inn i perioderapporteringa til kommunestyret. Det er ikkje kjent for utvalet kva vurderingar som ligg til grunn for kvifor oppmodinga ikkje er følgd.

4.7 Oppfølging av kontrollutvalet sine saker

Saker frå kontrollutvalet som ikkje er endeleg avslutta pr. 31.12.2016 er følgjande:

Sak nr / dato	Sakstittel	Vedtak	Merknad
KU sak 42/15 24.11.2015 K-sak 08/16 2.2.2016 KU sak 04/17 08.02.17	Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Informasjonssikkerhet i aukra kommune»	Kontrollutvalet tar administrasjonen si oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet « Informasjonssikkerhet i Aukra kommune , medrekna revisjonen si vurdering av kommunen si oppfølging datert 24.1.2017, til orientering. Kontrollutvalet ønskjer hausten 2017 å følgje opp attståande arbeid med å implementere rutinar, inngåing av databrukaravtalar og avvikshandtering	Utvalet har ikkje etterspurt dette hausten 2017. Det vert venteleg følgd opp i første møte 2018.
KU sak 20/17 14.06.17 KU sak 26/17 27.09.17	Bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt	<ol style="list-style-type: none"> 1. Kontrollutvalet bestiller følgjande forvaltningsrevisjonsprosjekt: Offentlege anskaffingar i Aukra kommune 2. Undersøkinga skal bygge på aktuelle problemområder som er skissert i saksframlegget 3. Prosjektet vert bestilt utført hos Møre og Romsdal Revisjon IKS. 4. Prosjektplan skal utarbeidas og leggas fram for kontrollutvalet. 	Prosjektplan vart behandla i kontrollutvalet sitt møte 27.09.17 Rapport er venta lagt fram for kontrollutvalet i første møte 2018.
KU sak 36/17 20.11.17	Oppfølgingsliste	I oppfølgingslista er følgjande saker ikkje avslutta: <ul style="list-style-type: none"> ▪ Revidering av gjeldande økonomireglement i Aukra kommune ▪ Oppfølging av politiske vedtak ▪ Tilsynsrapport. Skolens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa ▪ Tilsyn med tvungen helsehjelp etter pasient- og brukerretektighetsloven kapittel 4A i Aukra kommune 2016 ▪ Arbeidsmiljøutvalet (AMU) ▪ Barnevernstenester 	Attståande saker frå oppfølgingslista for 2017 vert overført til oppfølgingsliste for 2018.

4.8 Spesielle undersøkingsoppgåver

Kontrollutvalet hadde i 2017 ingen saker knytt til økonomisk utroskap eller saker som refererte seg til uregelmessige forhold.

Utvalet vil likevel nemne ei sak som i stor grad har opptatt kontrollutvalet i 2017.

- **Arbeidsmiljøutvalet AMU** – Kontrollutvalet merka seg, i Aukra kommune sin årsrapport for 2016, at AMU i 2016 ikkje hadde møter og at AMU i 2015 berre hadde 2 møter og 4 saker. Kontrollutvalet har difor i fleire møter i 2017 hatt dialog med både arbeidsgjevar og arbeidstakersida om korleis ein skal få dette utvalet til å fungere. I 2017 er det gjennomført fire AMU møter. Det er frå rådmannen si side opplyst at leiinga har fått ansvar for å melde inn saker, og einingane har fått ansvar for å involver seg meir. Kontrollutvalet har gjeve tilbakemelding om at dei forventar at det vert sett inn ressursar både frå leiinga og dei tilsett på å få arbeidsmiljøutvalet til å fungere, men det vert understreka at hovudansvaret ligg hos leiinga. Utvalet har også motteke signal på at det er arbeidsmiljøutfordringar ved Aukraheimen. Kontrollutvalet vil halde seg orientert om resultatet av arbeidsmiljøundersøkinga som Administrasjonsutvalet har bestilt frå bedriftshelsetenesta. Kontrollutvalet synes det er viktig å få opp i dagen utfordringane og at partane set seg ned saman og tek tak i desse.

4.9 Verksemdsbesøk

For å bli kjent med den kommunale forvaltninga og for at tilsette i kommunen skal bli betre kjent med kontrollutvalet, kan utvalet gjennomføre besøk i ei kommunal verksemd eller få orientering frå ein einingsleiar. Gjennomføring av verksemdsbesøk/ orientering gir kontrollutvalet eit godt innblikk i den kommunale forvaltninga og gir verksemda høve til å bli kjent med kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har i 2017 ikkje hatt kapasitet til å gjennomføre verksemdsbesøk. Utvalet fekk likevel i møte 27.9.2017 ei grundig orientering frå **Barnevernstenesta for Molde, Aukra, Midsund og Eide**. Einingsleiar Yngve Cappelen var bede om ei orientering når det gjaldt fristbrot, info om bakgrunnen for den store kostnadsauken og status etter administrasjonen sitt avtalte møte med barnevernstenesta i Molde kommune. Cappelen gav utvalet ei grundig orientering om både organisering, kvalitet, tiltak for å få ned fristbrot, økonomi og status for Aukra kommune.

4.10 Sentrale kommunale styringsverktøy

Ei av kontrollutvalet sine oppgåver er å undersøke om kommunen har etablert ein forsvarleg og føremålstenleg internkontroll.

Rådmannen har ansvar for å etablere og følgje opp at kommunen har eit tilfredsstillande internkontrollsystem; dvs. system og rutinar for å sikre tilstrekkeleg styring, måloppnåing og regeletterleving. Alle vesentlege rutinar bør være skriftleg dokumentert med omsyn til korleis dei fungerer, og kva internkontroll som ligg inne i systema.

Aukra kommune har følgjande sentrale styringsverktøy:

- ❖ **Økonomireglement for Aukra kommune** (vedteke 28.09.05 i K-sak 69/05, revidert 17.12.09 i K-sak 127/09)
- ❖ **Delegeringsreglement for Aukra kommune** (vedteke i K-sak 106/12 og revidert i K-sak 16/14 og K-sak 113/16)
- ❖ **Finansreglement Aukra kommune** (vedteke 16.12.2010 i K-sak 104/10, revidert 20.03.2014 i K-sak 24/14)
- ❖ **Investeringsreglement – nytt kap. 9 i Aukra kommunes økonomireglement** (vedteke 13.02.2014 i K-sak 4/14)
- ❖ **Eigarskapsmelding** (vedteke 11.10.2016 i K-sak 80/16)

- ❖ **Informasjonssikkerheit i Aukra kommune** – overordna plan (vedteke 7.2.2017 i K-sak 10/17)
- ❖ **Compilo** – Kommunen sitt elektroniske kvalitetsikringssystem

Reglementa dekker mellom anna områda budsjettdelegasjon, attestasjon og anvising, rapporteringsrutinar og delegert avgjerdsmynde. Finansreglementet regulerer plassering av ledig likviditet, langsiktige finansielle aktiva og forvaltning av kommunen si gjeldsportefølje. Kommunen sitt reglement for finansforvaltning er planlagt revidert i 2018.

Aukra kommune sitt økonomireglement er frå 2005 og vart revidert i desember 2009. Eit økonomireglement bør rullerast og oppdaterast jamleg. Kontrollutvalet har oppmoda administrasjonen om å revidere gjeldande økonomireglement slik at det er i samsvar med praksis, men dei har ikkje hatt kapasitet til å prioritere dette arbeidet. Rådmannen har i sitt framlegg til budsjett og økonomiplan lagt inn at reglementet skal reviderast innan mars 2018.

4.11 Tilsyn frå andre

I tillegg til kontrollutvalet, utfører eksterne forvaltningsorgan tilsyn med Aukra kommune, for eksempel fylkesmannen, helsetilsynet, arbeidstilsynet og arkivverket.

Desse tilsyna kan avdekke avvik eller svakheiter i den kommunale organiseringa og utøvinga av tenesteproduksjonen.

Ein ser det formålstenleg at kontrollutvalet vert orientert om slike tilsyn for å kunne følge opp at den samla tenesteproduksjonen i Aukra kommune vert kvalitetssikra og forbetra.

Kontrollutvalet har i 2017 fått seg førelagt følgjande tilsynsrapport frå andre:

- **Endeleg sluttrapport etter forvaltningskontroll – Aukra kommune**, (1 avvik), Fylkesmannen i Møre og Romsdal 23.11.2016
- **Rapport etter tilsyn – Kommunal beredskapsplikt Aukra kommune**, (2 avvik og 3 merknader), Fylkesmannen i Møre og Romsdal. 13.6.2017.

5. SAMANDRAG

Kontrollutvalet legg vekt på å vere ein nyttig medspelar i å forbetre kommunen sin eksterne tenesteproduksjon og myndesutøving så vel som dei interne forvaltningsfunksjonar, ved å legge opp til ein konstruktiv tilnærming ut frå kva som er realistisk å oppnå. Kommunen er avhengig av tillit til desse prosessane hos brukarane, og ein aktiv og truverdig tilsyns- og kontrollfunksjon kan medverke til å bygge opp om denne tilliten.

Kontrollutvalet har i 2017 framleis fokus på å styrke kontrollutvalet si stilling i den kommunale forvaltninga og overfor innbyggjarane i kommunen. Kontrollutvalet har i 2017 fått fleire innspel frå innbyggjarar til forhold som dei ønskjer at kontrollutvalet skal sjå nærare på.

Utvalet sitt arbeid krev at medlemmene er aktive og set seg inn i til dels kompliserte saker som kan gjelde heile verksemdsområdet til Aukra kommune. Skolering av utvalsmedlemmer vil fortsatt ha prioritet i tida som kjem.

Som kommunestyret sitt hjelpeorgan i tilsyns- og kontrollspørsmål er kontrollutvalet sitt virke avhengig av å ha legitimitet i kommunestyret, mellom anna for å få gjennomslagskraft for forbetningsforslag og anbefalingar og dermed kunne hjelpe til i arbeidet for at kommunestyret sine målsetningar vert realisert.

Aukra, 15. februar 2018
Kontrollutvalet i Aukra kommune

Oddvar Hoksnes
leiar

Ole Rakvåg
nestleiar

Håkon Inge Sporsheim
medlem

Oddbjørg Sporsheim
medlem


Wilhelm Andersen
medlem

KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

HANDSAMA SAKER I 2017

Saks nr	Sakstittel	Statuskode
PS 01/17	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 21. NOVEMBER 2016	A
PS 02/17	REFERAT OG ORIENTERINGAR	A
PS 03/17	VATN-UTSKIFTING AV ASBESTSEMENTRØR SANDEN-HUKKELBERG. SLUTTREKNESKAP	A
PS 04/17	OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «INFORMASJONSSIKKERHET I AUKRA KOMMUNE»	O
PS 05/17	REVISJONEN SIN RAPPORT TIL KONTROLLUTVALET FOR 2. HALVÅR 2016	A
PS 06/17	KONTAKT TIL KONTROLLUTVALET – TILSETJINGSRUTINAR	A
PS 07/17	KONTROLLUTVALET. ÅRSMELDING FOR 2016	A
PS 08/17	MØTEPLAN FOR 2017	A
PS 09/17	OPPFØLGINGSLISTE	A
PS 10/17	EVENTUELT	A
PS 11/17	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 8.FEBRUAR 2017	A
PS 12/17	REFERAT OG ORIENTERINGAR	A
PS 13/17	AUKRA KOMMUNE. ÅRSREKNESKAP FOR 2016	A
PS 14/17	OPPFØLGINGSLISTE	A
PS 15/17	EVENTUELT	A
PS 16/17	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 3. MAI 2017	A
PS 17/17	REFERAT OG ORIENTERINGAR	A
PS 18/17	AUKRA KOMMUNE. ØKONOMIRAPPORT FOR 1. TERTIAL 2017	A
PS 19/17	AUKRA KOMMUNE. OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK	A
PS 20/17	BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT	A
PS 21/17	OPPFØLGINGSLISTE	A
PS 22/17	EVENTUELT	A
PS 23/17	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 14. JUNI 2017	A
PS 24/17	REFERAT OG ORIENTERINGAR	A
PS 25/17	KOMMUNIKASJONS-/REVISJONSPLAN 2017	O
PS 26/17	PROSJEKTPLAN FOR FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT «OFFENTLIGE ANSKAFFELSER I AUKRA KOMMUNE»	O
PS 27/17	AUKRA KOMMUNE . ØKONOMIRAPPORTERING PR 31.08.17	A
PS 28/17	BUDSJETTFORSLAG FOR 2018 FOR KONTROLL OG TILSYN	A
PS 29/17	PLAN FOR KONTROLLUTVALET SI VERKSEMD 2017-2019	A
PS 30/17	OPPFØLGINGSLISTE	A
PS 31/17	EVENTUELT	A
PS 32/17	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 27.SEPTEMBER 2017	A
PS 33/17	REFERAT OG ORIENTERINGAR	A
PS 34/17	OPPDRAGSAVTALE MED MØRE OG ROMSDAL REVISJON IKS	O
PS 35/17	TILTAKSPLAN 2018 – KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE	O
PS 36/17	OPPFØLGINGSLISTE	O
PS 37/17	NKRF SIN KONTROLLUTVALSKONFERANSE 2018	A
PS 38/17	EVENTUELT	A

Kode	Forklaring
A	Saka er avslutta
B	Saka er under handsaming
O	Saka vert følgt opp
U	Saka utsatt



Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 05/18	Kontrollutvalet	15.2.2018

MØTEPLAN FOR 2018

Sekretariatet si tilråding

Følgjande møteplan for 2018 vert godkjend:

Veke	Dato	Møte nr	Saker til behandling
7	15.02.	1/18	<ul style="list-style-type: none">▪ Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport▪ Kontrollutvalet si årsmelding for 2017▪ Interimsrapport rekneskapsrevisjon 2017▪ Møteplan for 2018
11	15.03.	2/18	<ul style="list-style-type: none">▪ Forvaltningsrevisjonsrapport
18	03.05.	3/18	<ul style="list-style-type: none">▪ Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen 2017 for Aukra kommune
24	14.06.	4/18	<ul style="list-style-type: none">▪ Økonomirapport 1. tertial 2018
40	02.10.	5/18	<ul style="list-style-type: none">▪ Kommunikasjons-/revisjonsplan for revisjonsåret 2018▪ Bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt▪ Budsjett for kontroll og tilsyn for 2019▪ Økonomirapport for 2. tertial 2018
50	10.12.	6/18	<ul style="list-style-type: none">▪ Verksemdbesøk▪ Sluttrekneskap?▪ Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt

Kontrollutvalet sin leiar, i samråd med sekretariatet, vert gjeve fullmakt til å foreta endringar av møtedatoar dersom det vert naudsynt.

Vedlagt følgjer:

- Tiltaksplan 2018 – Kontrollutvalet i Aukra kommune

Bakgrunn for saka

Dato for første kontrollutvalsmøte i året, vert bestemt i siste møte året før. I første møte vert møteplan for resten av året lagt. Forslag til møteplan er då koordinert med dei andre kontrollutvala for å unngå møtekollisjonar, samt med Aukra kommune sin møteplan for politiske møter i 2018.

VURDERING

Ut i frå forventa saksmengde, vert det vanlegvis planlagt fem møter i Aukra 2018. No har sekretariatet fått melding om at forvaltningsrevisjonsrapporten som etter prosjektplanen skulle vore levert til kontrollutvalet i midten av desember, ikkje vert ferdig til kontrollutvalet sitt første møte i 2018. Neste kontrollutvalsmøte er planlagt først 3. mai, og kan ikkje flyttast grunna tilpassing til formannskap og kommunestyret si behandling av årsrekneskap. Det vert

difor foreslått å legge inn eit ekstra kontrollutvalsmøte i veke 11 for behandling av forvaltningsrevisjonsrapporten «Offentlege anskaffingar i Aukra kommune».

Oversikt over saker som skal handsamast er rettleiande og kan endrast gjennom året. Det vert vist til Tiltaksplan 2018 – Kontrollutvalet i Aukra kommune, for detaljar.

Jane Anita Aspen
daglig leder

TILTAKSPLAN 2018

KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE



Oppdatert 15.02.18

Tilsyn med forvaltningen

Møte	Oppgaver knytt til tilsyn med forvaltninga
Løpande rapportering	<ul style="list-style-type: none"> Kontrollutvalsmedlemmene skal ha tilgang til dokument frå alle politiske utval. Oddvar Hoksnes og Ole Rakvåg er kommunestyret sine representantar i kontrollutvalet. Kontrollutvalet har fordelt merksemd på politiske utval slik: <ul style="list-style-type: none"> Saker frå drift- og arealutvalet- Håkon Inge Sporsheim Saker frå livsløpsutvalet – Ole Rakvåg Saker frå administrasjonsutvalet – Oddvar Hoksnes Rapportar frå andre tilsynsorgan og kommunen sitt svar/oppfølging Sjukefråver Meldingar til politiet og varslingar
Aktuell informasjon/orienteringar	I den grad tema/områder ikkje blir undersøkt gjennom bestilling av forvaltningsrevisjon, kan det vere aktuelt å be om tilbakemeldingar frå administrasjonen på ulike områder, bl.a. ut frå overordna analyse for forvaltningsrevisjon. Slik informasjon blir spesifisert under kvart enkelt møte. Saker til oppfølging vil også gå fram av oppfølgingslista til kontrollutvalet
15.02.18	<ul style="list-style-type: none"> Orientering om resultat av arbeidsmiljøkartlegging ved Aukraheimen
15.03.18	<ul style="list-style-type: none"> Få skatteoppkrevjaren sin årsrapport for 2017 og kontrollrapport frå Skatteetaten til orientering
03.05.18	<ul style="list-style-type: none">
14.06.18	<ul style="list-style-type: none"> Verksemdbesøk/orientering frå einingsleiar? Økonomirapport 1. tertial Oppfølging av politiske vedtak
02.10.18	<ul style="list-style-type: none"> Økonomirapport 2. tertial
10.12.18	<ul style="list-style-type: none"> Tiltaksplan 2019 – Kontrollutvalet i Aukra

Kontrollutvalet sine oppgaver i samband med regnskapsrevisjon.

Møte	Oppgaver knytt til rekneskapsrevisjon
	Utgangspunktet for oppgåvene er i hovudsak knyt til reglane i kap. 4 i forskrift om kontrollutval.
15.02.18	<ul style="list-style-type: none"> Interimrapport rekneskapsrevisjon, rekneskapsåret 2017
15.03.18	<ul style="list-style-type: none">
03.05.18	<ul style="list-style-type: none"> Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen for 2017, Aukra kommune Årsavslutningsbrev for revisjonsåret 2017.
14.06.18	<ul style="list-style-type: none">
02.10.18	<ul style="list-style-type: none"> Orientering om revisjonsstrategien for revisjonsåret 2018. Avstemming av risikovurdering og vesentlegheit
10.12.18	<ul style="list-style-type: none"> Interimrapport rekneskapsrevisjon, rekneskapsåret 2018 (ev. i det første møte i 2019). Orientering om oppfølging av årsavslutningsbrev for 2017 Sluttrekneskap investeringsprosjekt?

Kontrollutvalet sine oppgaver i samband med forvaltningsrevisjon.

Møte	Oppgaver knytt til forvaltningsrevisjon
	Utgangspunktet for oppgåvene er plan for forvaltningsrevisjon og reglane i kap. 5 i forskrift om kontrollutval.
15.02.18	<ul style="list-style-type: none"> Attståande arbeid knytt til oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Informasjonssikkerhet i Aukra kommune» - status for implementering av rutinar, inngåing av databrukaravtalar og avvikshandtering.

Møte	Oppgaver knytt til forvaltningsrevisjon
15.03.18	<ul style="list-style-type: none"> • Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Offentlige anskaffelser Aukra kommune»
03.05.18	<ul style="list-style-type: none"> •
14.06.18	<ul style="list-style-type: none"> •
02.10.18	<ul style="list-style-type: none"> • Bestilling av forvaltningsrevisjon i tråd med plan for 2016-2019
10.12.18	<ul style="list-style-type: none"> • Prosjektplan forvaltningsrevisjonsprosjekt «xx».

Kontrollutvalet sine oppgaver i samband med selskapskontroll.

Møte	Oppgaver knytt til selskapskontroll
	Utgangspunktet for oppgåvene er plan for selskapskontroll og reglane i kap. 6 i forskrift om kontrollutval
15.02.18	<ul style="list-style-type: none"> •
15.03.18	<ul style="list-style-type: none"> •
03.05.18	<ul style="list-style-type: none"> •
14.06.18	<ul style="list-style-type: none"> • Orientering om Molde og Romsdal Hamn IKS?
02.10.18	<ul style="list-style-type: none"> •
10.12.18	<ul style="list-style-type: none"> •

Tilsyn med revisjonen

Møte	Oppgaver knytt til tilsyn med revisjonen
	Revisjonen rapporterer om si verksemd ved behov. Revisjonsplan for Aukra kommune er til ei kvar tid tilgjengeleg for kontrollutvalet. Utgangspunktet for oppgåvene er bl.a. relatert til reglane i koml. § 77 nr. 4.
15.02.18	<ul style="list-style-type: none"> •
15.03.18	<ul style="list-style-type: none"> •
03.05.18	<ul style="list-style-type: none"> •
14.06.18	<ul style="list-style-type: none"> • Dialogmøte med revisjonen om «Honorar for gjeldande år» (2019)
02.10.18	<ul style="list-style-type: none"> • Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor sin vurdering av uavhengigheit for Aukra kommune for revisjonsåret 2018. • Eigenevaluering frå revisjonen
10.12.18	<ul style="list-style-type: none"> • Vurdering av kontrollutvalet sitt tilsynsansvar for rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon, jf. NKRFs rettleiar

Budsjettbehandlinga

Møte	Oppgaver knytt til budsjettbehandlinga
	Utgangspunktet for oppgåvene er reglane i forskrift om kontrollutval § 18.
15.02.18	<ul style="list-style-type: none"> •
15.03.18	<ul style="list-style-type: none"> •
03.05.18	<ul style="list-style-type: none"> •
14.06.18	<ul style="list-style-type: none"> •
02.10.18	<ul style="list-style-type: none"> • Forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2019 for kontrollutvalet.
10.12.18	<ul style="list-style-type: none"> • Kontrollutvalet følgjer opp at kontrollutvalet sitt forslag følgjer med til kommunestyret si behandling av budsjettet (jf. forskrift om kontrollutval §18)

Kontrollutvalet si rapportering

Møte	Oppgaver knytt til Kontrollutvalet si rapportering
	Utgangspunktet for oppgåvene er bl.a. relatert til reglane i koml. § 77 nr. 6.
15.02.18	<ul style="list-style-type: none">• Kontrollutvalet sin årsrapport for 2017 vert behandla og sendt kommunestyret til orientering.• Oppfølging av tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapportar/selskapskontrollar skal gå fram av kontrollutvalet sin årsrapport.
15.03.18	<ul style="list-style-type: none">•
03.05.18	<ul style="list-style-type: none">•
14.06.18	<ul style="list-style-type: none">•
02.10.18	<ul style="list-style-type: none">•
10.12.18	<ul style="list-style-type: none">•



Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 06/18	Kontrollutvalet	15.2.2018

OPPFØLGINGSLISTE

Sekretariatet si tilråding

Følgjande saker vert ført opp på oppfølgingslista:

Bakgrunn for saka

Intensjonen med oppfølgingslista er å ha ei oversikt over av saker og problemstillingar som medlemmene ønskjer nærare utgreidd eller få orientering om.

Ei slik oppfølgingsliste er eit reiskap for kontrollutvalet for å ha oversikt på status for saker utvalet ønskjer å følgje opp eventuelt å ha til observasjon.

Lista kan også fungere som eit planleggingsreiskap for aktivitetar som kontrollutvalet ønskjer å gjennomføre når forholda ligg til rette, tildømes synfaringar.

Kontrollutvalet vedtek sjølv endringar i lista. Dette inneber endring i status for den einskilde sak:

- Som nytt punkt
- Endringar i punkt (grunna orienteringar gjeve eller saka er handsama som eigen ordinær sak i møte)
- Punktet går ut (saka vert rekna for avslutta frå kontrollutvalet si side)

Vedlagt følgjer:

- ajourført oppfølgingsliste pr. 20.11.2017.
- Vedtaksoppfølging i Aukra kommune, lister mottatt 25.1.2018

I dette møtet er det lagt opp til følgjande orienteringar frå administrasjonen knytt til oppfølgingslista:

- **Arbeidsmiljøutvalet (AMU)**

VURDERING

Av saker som kontrollutvalet har hatt oppe og som det er formålstenleg vert satt opp på oppfølgingslista for vidare oppfølging av status i saken, er mellom anna følgjande:

Revidering av gjeldande økonomireglement i Aukra kommune

Eit økonomireglement skal beskrive hovudreglane for den økonomiske styringa av kommunen si verksemd. Reglementet bør klargjere ansvaret mellom det politiske og det administrative nivået i kommunen og beskrive kommunen sine interne reglar og fullmakter.

Økonomireglementet bør innehalde kommunen sine vedtak om økonomiplan, budsjett,

rapportering, rekneskap og årsrapport. Økonomireglementet kan supplere delegeringsreglementet når det gjeld økonomisaker. Aukra kommune sitt økonomireglement er frå 2005 og vart revidert i desember 2009. Eit økonomireglement bør rullerast og oppdaterast jamleg.

Kontrollutvalet har oppmoda administrasjonen i kommunen om å revidere gjeldande økonomireglement slik at det er i samsvar med praksis og skriftleg bedt om at økonomireglementet vert revidert. Økonomiavdeling hadde ikkje kapasitet i 2014, 2015, 2016 eller 2017 til å revidere gjeldande økonomireglement. Kontrollutvalet ønskjer å følgje denne saka vidare. Saka vert ført frå oppfølgingslista for 2014, 2015, 2016, 2017 og til oppfølgingslista for 2018.

Oppfølging av politiske vedtak

Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt oversikt over politiske vedtak som av ulike årsaker ikkje er vorte satt i verk innan rimeleg tid. Oversikta skal gjere greie for vedtak fatta av politiske utval med avgjerdsmynde. Hensikta med å få ei slik oppstilling er å sjå til at administrasjonen sett i verk og gjennomfører vedtak som er gjort. Kontrollutvalet har oppmoda om at ei slik oversikt vert lagt inn i tertialrapporteringa til kommunestyret, rådmannen har valt å ikkje følgje opp denne oppmodinga.

Barnevernstenester

Barnevernstenesta er ei interkommunal teneste for Molde, Midsund, Aukra og Eide kommunar, med Molde kommune som vertskommune.

Kontrollutvalet vart i møte 3.5.2017 gjort kjent med foreløpige KOSTRA-tal 2016, som viser at Aukra kommune har mange fristbrot. Det har også dei andre kommunane som er med i barnevernssamarbeidet. Sidan dette er 2016-tal, ønskjer kontrollutvalet ei oppdatering frå administrasjon om situasjonen når det gjeld barnevern.

Tertialrapport 1. tertial 2017 viser at behov for fleire barnevernstiltak fører til ei auke i utgifter på 3 742 000.- frå 4 038 000.- til 7 780000.-, dvs. nesten 100 % auke.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU)

Kontrollutvalet har merka seg i Aukra kommune sin årsrapport for 2016 at AMU i 2016 ikkje hadde gjennomført møter. Etter arbeidsmiljølova skal kommunen ha eit slikt utval.

Arbeidsmiljølova gjev reglar for kva type saker AMU skal behandle. På bakgrunn av dette ønskjer kontrollutvalet å følgje opp korleis arbeidet i arbeidsmiljøutvalet fungerer.

Grunnskoleområdet (Ny)

Kontrollutvalet fekk i 2016 framlagt tilsynsrapporten «Skolen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, Aukra kommune – Gossen barne- og ungdomsskole» Tilsynet viste (3 avvik). Kontrollutvalet ønskjer årleg å få framlagt kommunen sin tilstandsrapport for grunnskoleområdet, for å følgje med på utvikling på området.

Omstillingsprosessen knytt til det nye omsorgssenteret (Ny)

Fylkeslegen hadde i 2016 tilsyn og avdekt følgjande; Avvik 1: Aukra kommune sikrar ikkje at tilsette har nødvendig kunnskap om pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Avvik 2: Aukra kommune sikrar ikkje at helsehjelp til pasientar i sjukeheim blir vurdert i tråd med reglane i pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Tidlegare forvaltningsrevisjonsrapport «Kvalitet i sykehjemstjenster i Aukra kommune» avdekte også utfordringar med å sikre tilstrekkeleg bemanning og kompetanse ved Aukraheimen. I 2017 har det vore uro knytt til ny arbeidstidsordning ved Aukraheimen og i 2018 skal det nye omsorgssenteret takast i bruk. Utvalet ynskjer difor å følgje utviklinga.

Jane Anita Aspen
daglig leder

**KONTROLLUTVALET I
AUKRA KOMMUNE**

SAKSOPPFØLGING

(ajourført pr. 15.2.2018)

Saker som er tatt opp:	Merknad:	Status:

SAKSOPPFØLGING

(à jour pr. 20.11.2017)

Saker som er tatt opp:	Merknad:	Status:
<p>27.02.14 Revidering av gjeldande økonomireglement i Aukra kommune Ansvar: Adm./sekr</p>	<p>Eit økonomireglement skal beskrive hovudreglane for den økonomiske styringa av kommunen si verksemd. Reglementet bør klargjere ansvaret mellom det politiske og det administrative nivået i kommunen og beskrive kommunen sine interne reglar og fullmakter. Økonomireglementet bør innehalde kommunen sine vedtak om økonomiplan, budsjett, rapportering, rekneskap og årsrapport. Økonomireglementet kan supplere delegeringsreglementet når det gjeld økonomisaker. Aukra kommune sitt økonomi-reglement er frå 2005 og vart revidert i desember 2009. Eit økonomireglement bør rullerast og oppdaterast jamleg.</p>	<p>27.02.14: Kontrollutvalet vil oppmode administrasjonen i kommunen om å revidere gjeldande økonomireglement slik at det er i samsvar med praksis. 01.07.14: Sekretæren skriv til kommunen og ber om at økonomireglementet vert revidert. 02.10.14: Økonomisjef Erna Varhaugvik orienterte. Økonomiavdeling har ikkje kapasitet i inneverande år å sette i gang arbeidet med revidering av gjeldande økonomireglement. 23.04.15: Kontrollutvalet vil be administrasjonen om ein statusrapport til neste møte. 11.06.15: Kontrollutvalet vil be administrasjonen om ein statusrapport til neste møte. 18.09.15: Rådmann orienterte. Bemanningssituasjonen i økonomiavdelinga har vore vanskeleg og avdelinga har av den grunn ikkje sett seg i stand til å prioritere dette arbeidet. Det er vurdert å kjøpe konsulenttenester for å fullføre arbeidet med revidering av økonomireglementet. Kontrollutvalet ser ikkje grunn for at kommunen skal få auka kostnadar ved kjøp av konsulenttenester og ber administrasjonen om å utsette dette arbeidet til bemanninga i avdelinga er tilfredstillande. Kontrollutvalet vil be administrasjonen om ein ny statusrapport til første møte i 2016. 17.02.16: Kontrollutvalet ønskjer i neste KU-møte å gjere ei gjennomgang av økonomireglementet, for å vurdere om dette er ei sak som kontrollutvalet framleis ønskjer å følgje opp. 25.04.16: Rådmann og økonomisjef svarte på spørsmål i dagens møte, jf. OS 08/16. Kontrollutvalet konkluderer med at dei har tillit til at økonomireglementet vert revidert, og at det er viktig at det gjeldande økonomireglementet vert fulgt. 20.11.17: Rådmannen har i sitt framlegg til budsjett og økonomiplan lagt inn at reglementet skal reviderast innan mars 2018.</p>
<p>21.05.14 Ny organisering av pleie og</p>	<p>Aukra kommune har gjort ei omorganisering av pleie- og</p>	<p>02.10.14: Einingsleiar for heimetenesta Jorunn Hurlen orienterte.</p>

